

REGLEMENT FOR VESTNES PLANUTVAL

PLANUTVALET – MYNDE OG OPPGÅVER

Vestnes planutval er oppretta i medhald av kommunelova § 10, 1-4 og har 9 valde representantar. Kommunestyret vel sjølv medlemmar og varamedlemmar til planutvalet, og veljer leiar og nestleiar blant medlemmane..

- Planutvalet er Vestnes kommune sitt faste utval for plansaker etter plan- og bygningslova § 9-1.
- Styret skal saksførebu alle saker som etter lov skal behandlast av kommunestyret sjølv.
- Saksfeltet er utarbeiding av kommuneplan, reguleringsplan, bebyggelsesplan, mellombels byggje- og deleforbod, saker om mindre vesentleg reguleringsendring og saker som gjeld klage på planvedtak .
- Planutvalet skal, utanom dei oppgåvene som er direkte tillagt etter plan- og bygningslova, også ha ansvaret for byggesaksdelen etter same lova. Dette gjeld prinsipielle saker, saker som gjeld dispensasjon frå lov, regelverk eller kommunal plan, samt klagebehandling av byggesaker.
- I tillegg skal det gjere vedtak innan same saksområde i saker som kan delegerast til underliggende politisk nivå. Administrasjonssjefen behandlar saker og gjer vedtak i alle ikkje prinsipielle saker i tråd med lov og regelverk og kommunen sine vedtekne planar.
- Planutvalet behandlar også saker om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, regulerings- og bebyggelsesplanar, dispensasjon frå byggje- og deleforbодet i strandsona etter Pbl § 17-2, dispensasjon frå mellombels byggje- og deleforbod etter § 33 og frå reguleringsplikta etter § 23.
- Planutvalet skal etter Pbl §§ 9-3 og 9-4 ha eit nært samarbeid med andre offentlege myndigheiter som har ansvar etter same lov. Planleggingsmyndigheitene i stat, fylkeskommune og kommune skal samarbeide om innhenting, bearbeiding og utveksling av informasjon som har vesentlig betydning for planleggings- og opplysningsverksemda etter lova.
- Planutvalet skal etter Pbl § 16-1 ha ansvar for at det vert drive aktiv opplysning overfor befolkninga i Vestnes kommune på eit tidleg tidspunkt i alt planleggingsarbeid. Berørte enkeltpersonar og grupper skal ha høve til å delta og uttale seg aktivt i planprosessen.

- Planutvalet skal behandle trafikktryggingsplanen og andre saker etter Veglov og Vegtrafikklov

REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV MØTE I PLANUTVALET. DAGSORDEN OG FORRETNINGSORDEN

- Planutvalet held møte etter oppsett halvårsplan, når utvalet sjølv ønskjer det, når utvalsleiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det.
- Utvalsleiaren set opp saklista og kallar utvalet saman til møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, oppstilling av dei saker som skal behandlast (sakliste) og opplysning om kvar saksdokumenta er tilgjengelege.
- Innkallinga skal saman med saklista og saksdokument sendast til medlemmar og varamedlemmar av utvalet med 7 dagars varsel. Kopi av innkallinga og saksdokumenta skal også sendast til administrasjonssjefen og distriktsrevisjonen/kontrollutval. Frå 1.halvår 2008 skal saksdokumenta som hovudregel sendast ut elektronisk, og medlemmar som ønskjer utsending på papir må avtale dette med utvalsleiar.
- **For forretningsorden elles gjeld kommunestyret sitt reglement pkt 2 - t.o.m. 8 og pkt 13 – 16.**
- **Nemninga ”ordførar” skal byttast ut med ”utvalsleiar” eller ”møteleiar”**